ALVER
KOMMUNE

Knut Johannessen
Postboks 275
5904 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Per Sveinar Morsund | 17.11.2021 |
| Vår: 21/4758 - 21/77760 | per.sveinar.morsund@alver.kommune.no | |

# Kommunen ber om informasjon tilknytta pågåande arbeid på eigedommen - gbnr 185/1 Isdal

**Saka gjeld**
Kommunen er kjent med at det på din eigedom pågår arbeid med etablering av landbruksveg i forbindelse med skogdrift. Vi er også kjent med at det er gitt løyve frå landbruksavdelinga til etablering av slik veg.

**Ber om informasjon om arbeidet**
Avdeling for miljø og tilsyn i kommunen har motteke bekymringsmelding vedrørande dei pågåande arbeida. Meldinga dreier seg om at ein er uroa for kva massar som blir tilkjørt området og fare for forureining av drikkevann.

Vi ber om at det sendast inn følgjande dokumentasjon til kommunen;
- Beredskapsplan for arbeidet som pågår. Dette gjeld spesielt for å avdekke at det er kontroll på masser som går inn/ut og kva tiltak som blir gjort dersom det oppstår uønska hendingar.
- Prøver av tilkjørte masser for dokumentasjon på at det er reine masser som vert tilført på staden.
- Informasjon om kva massar som vert tilført og kvar dei kjem ifrå. Dette gjeld både stein og eventuelt jordamassar.

**Innsending av dokumentasjon**
Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4758**

**Frist for utgreiing er 13.12.21**

**Anvendt regelverk**
Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Per Sveinar Morsund |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Knut Johannessen | Postboks 275 | 5904 | ISDALSTØ |
| Vidar Ingebregtsen | Isdal 57 | 5916 | ISDALSTØ |